

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 5.nov 2025 Kl. <u>17.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)

Til stades: Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele og Dag Kjetil Læg Reid, Runar Isdahl, Njål Rune Sortland, Åslaug L. Nag, Gjertrud Husøy

Forfall: Leif Steinar Alfsvåg, Knut Johannes Gram

SAKLISTE

2025/42 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2025/43 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2025/44 - 023 Visjon for soknet

Soknerådet ønskjer å arbeide med ein ny visjon for arbeidet i soknet. Hovudsaka på dette utvida soknerådsmøtet vert å arbeide med innspel til ny visjon.

Vedlegg til innkallinga gir ein introduksjon til emnet og nokre døme på visjonar, samt ei rekke spørsmål som soknerådsmedlemmene vert oppmoda til å tenkje gjennom før dei kjem på møtet. Me arbeider vidare med spørsmåla saman.

Målet er ikkje å utarbeide ny visjon i møtet, men å samlast om stikkord eller forslag til formuleringar som kan modnast og drøftast vidare med m.a. stab etter møtet.

Vedtak: *Ingen vedtak, kun drøfting.*

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

- ~~1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest~~
- ~~2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut~~
- ~~3. Ungdomsråd~~
~~(TOL-utvalet orienterer om arbeidet med å etablere eit ungdomsråd, jfr Sak 2025/27)~~
4. Informasjon om Stallen
 - Det vert «Stallen» i adventstida i år og, dette året inne på Amfi.
 - Ønskjeleg å bemanne stallen med frivillige nokre ettermiddagar + laurdagar.
 - Meld frå til Olaug dersom du kan tenkje deg å vere med.
- ~~5. Innspel frå prestidagen~~

Skriv, referat og meldingar

- Referat, Diakoniutvalet 2.okt
- Økonomioversikt for Stord sokn, førebels pr 30.sept 2025
- Referat, Stord kyrkjelege fellesråd, 18.sept 2025

Anders Dahl
soknerådsleiar